

Årsmelding



IL JOTUN FOTBALL 2020





Innhald

1. Styret.....	3
2. Utval / Roller	3
2.1. Sportsleg utval	3
2.2. Norway Cup	3
2.3. Faaberg-turneringa	3
2.4. Fair Play ansvarleg	3
2.5. Målrock	4
3. Møte/ viktige saker	5
4. Seriespel.....	6
4.1. 2020.....	6
4.2. Resultat i seriespelet	6
4.3. Utvikling tal lag 2011-2020	7
5. Turneringar	7
5.1. KM innandørs	7
5.2. Kongleriket miniputt	10
6. Økonomi	11
6.1. Fordeling inntekter	12
6.2. Fordeling kostnader	13
7. Utdanning (2010 – 2020).....	14
7.1. Status 2010-2020	14
8. Kvalitetsklubb.....	15
9. Representasjon	16
9.1. Møter/verv i NFF Sogn og Fjordane.....	16
10. Oppgåver i fokus	16
10.1. Utvikling.....	16
10.2. Årshjul	16
10.3. Aktivitet/tilbod	17
10.4. Organisasjon.....	21
10.5. Anlegg	21
11. Avslutning	22

1. Styret

Styret har i 2020 vore samansett slik:

Leiar: Henrik Rønningen

Nestleiar: Ruth Laberg

Fair-Play ansvarleg:

Ivar Otto Øren

Lagskontakt, barnefotball:

Rune Bolstad

Lagskontakt ungdom:

Merete Øren

Styremedlem:

Mariann Hatlenes

Ungdomskontakt :

Åsmund Nesse

Valnemnd: Marianne Hestetun, Kari Ann Midtun og Sindre Rode

2. Utval / Roller

2.1. Sportsleg utval

Frank Eldegard, Monica Høl Øvstetun, Ørjan Loftheim, Veronica J. Hellebø, Per Kopperdal, Stig L. Øvstetun, Merim Brkic.

Henrik Rønningen og Ruth Laberg har delteke frå styret.

2.2. Norway Cup

Norway cup avlyst i 2020. Utval her består av oppmenn-/kvinner til laga som reiser. I tillegg deltek ansvarleg styrerep for turneringar i denne gruppa.

2.3. Faaberg-turneringa

Fåberg turnering avlyst i 2020. Ansvarleg turneringar styret i tillegg til oppmenn for laga som reiser.

2.4. Fair Play ansvarleg

Ivar Otto Øren (leiar), Torstein Grøv og Svein Øygarden. I 2020 bestemte styret at me skulle ha eit auka fokus på Fairplay. Ynskje var at me skulle dele ut fairplay pris i eigen klubb kvar mnd. Dessverre sette koronaen ein stoppar for dette også. Me rakk å dele ut ein pris. Den gjekk til Emmeli Jevnaker for fine haldningar til medspelarar og trenarar. Spesielt utmerka ho seg under KM kvallik med positiv framferd.



2.5. Målrock

Målrock er avlyst i 2020. Det var i hovedlaget bestemt at Målrock skal inn som eit samla ansvar i Jotun fom 2020. Dvs at alle grupper skal dele på ansvaret i arrangementet.



Rigmor Skrede (friidrett, fotball), Ruth Laberg (fotball, turn , symjing), Jaanica Laberg (frivillig), Simon Lidal (friidrett, symjing)

3. Møte/ viktige saker

Styret har hatt 7 styremøter denne sesongen.

Viktige saker:

- Arbeid rundt Kvalitetsklubb
 - Klubbesøk, arbeid med eigenmelding, resertifisering.
- Covid 19
- Fair Play arbeid
- Turneringar
- Jenter på feltet
- Utdanning
 - Dommarkurs
 - Grasrotkurs
 - trenarretteiar
- Grøne arrangement

Frå Jotun : Trenarretteiar Stig Laberg Øvstetun og Merim Brkic.Leiar Henrik Rønningen deltok på oppstartsmøte.



Jenter på feltet: Jotun fotball fekk støtte av Sparebankstiftinga på søknad for til eit prosjekt der me skulle samle jenter på feltet i ulike aldersklassar og inviterte frå nabobygdene til felles treningar og felles kveldsmat ein gang pr mnd. I samband med det skulle me også leige inn foredragshaldarar. Me har gjort avtale med professor Sundgot Borgen og trenarveileidar Johanson i Hordaland til dette føremålet. Dessverre, har dette vore utsett pga av pandemien. Men pengane og støtta me fekk er avsett slik at me kan setje i gang med ein gang det vert opna opp for meir aktivitet.

4. Seriespel

4.1. 2020

Påmelde lag 2019:	33 lag
Tal aktive 2020:	313

Fotballgruppa har hatt stor aktivitet. Året 2020 har vore spesielt. Me kom omsider i gang med seriespel. Og fekk utført ein redusert sesong.

4.2. Resultat i seriespelet


- J15/17 9/7ar vart nr.6 i sin avdeling.
- J13/14 9ar vart nr. 2
- Senior Herre 6. divisjon ; ikkje utført seriespel
- G15/17 11ar 1. divisjon vart nr 3
- G15/17 9/7ar nr. 5
- G13/14 11ar vart nr. 3
- G13/14 9ar vart nr 4.



Desse og fleire av dei andre dommarane våre bidreg til at me kan ha seriespel kvart år. På biletet er Theodor Høyum, Alexander H. Nundal, Tobias Furebotn, Mathias Øren og Theo Kopperdal som alle er vortne habile dommarar

4.3. Utvikling tal lag 2011-2020

IL Jotun fotball har hatt eit stabilt tal lag dei siste åra. I 2020 var det ein liten nedgang i tal lag, noko me trur har med pandemien å gjera. Totalt tal lag i 2020 var 33, 7 ferre enn i 2019.



5. Turneringar

5.1. KM innandørs

Jotun fotball arrangerte KM kvallik fyrste helga i februar. Eit stort arrangement som gjekk over to dagar. Litt utfordringar på dommarsida da fleire av dommarane våre spela kvalifisering på Leikanger. Ei stor takk til Odd Børge Nundal og Bjørge Kilen som stilte opp som dommarar på kort varsel. I tillegg stilte trenar Geir Frode Rudi opp som dommar innimellom alle kampene han leia frå sidelinja. De er gull verd.

Elles hadde me med dei stødige dommarane våre frå gutelaget:
Joakim Nundal, Alexander Nundal, Tobias Furebotn, Herman Vigdal Øren, Theo Kopperdal, Mathias Øren og Martin Morland.

5 av laga til IL Jotun kvalifiserte seg til sluttspillet på Sandane.

Resultat:

- Jotun G13: nr 3
- Jotun G15: nr 2
- Jotun J13 : nr 3
- Jotun J14
- Jotun J15

Jenter 14:



Bak frå venstre: Hannah B. Øvstetun, Emmeli Jevnaker, Katarina Sveen, Sara Smedegård, Thea Nes og Kristine Låksrud. Trener for Jenter 14 er Geir Frode Rudi og Stig Laberg Øvstetun

Gutar 15: 2 plass



Bak frå venstre: Trenar Even A Øren, Joachim Nundal, Simon Haugland, Sigve Midtun, Kevin Læg Reid, trenar Ørjan Hestetun.
Alexander Nundal, Isak Hove, Tobias Furebotn. Lukas Bruheim var ikkje på bilde

Gutar 13: 3 plass



Gutar 2007: Bak frå venstre: Lucas Rivedal Andersen, Trym Hove, Julian Læg Reid, Edin Øvstetun
Framme frå venstre: Eskil Nes, Thomas Hellebø, Dennis Hunderi, Leon Bruheim.

Jenter 13 : 3 plass

:



Bak frå venstre : dommar frå Leikanger, Ella B. Hestetun, Hannah B.Øvstetun, Katarina Sveen, Ella O. Furuborg

Framme frå venstre. Sara Smedegård, Emmeli Jevnaker, Bertine Hellebø, Hanna Styve Øren

5.2. Kongleriket miniputt

2020 har vore eit spesielt år også for Kongleriket. Pga korona vart ikkje dei to fyrste turneringane på vårsesongen arrangert.

Fyrste turneringa i august vart arrangert på Hafslo. Påmeldinga var ikkje høg, då mange foreldre frykta smittefare. Jotun stilte likevel fleire lag og etter heimkomst vart det ein ny giv i både laga trenarar og føresette. Arrangementet på Hafslo hadde gått knirkefritt og hausta mykje lovord.

I september var det vår tur. Covid spøkelset hang framleis over oss, og me hadde mange restriksjonar å forhalde oss til. Arrangementet vart utvida med mange timar da me var tvungne å legge inn pause mellom puljene slik at antal personar på bana ikkje skulle overskride det lovlege .Komiteen jobba svært godt. Sportsleg var arrangementet svært godt. Økonomisk var det heller dårleg. Kvar år er det siste års knøtt som er arangør. Komiteen for 2011 kullet var: Mads G Breivik, Stine Sørli, Inger Kristine Sperle, Morten Anderssen og Marie Helene Hollevik Brandsdal. Ruth Laberg deltok litt på vegne av styret for å få kjennskap til arrangementet.

Temaet for turneringa var trafikktryggleik. Etter turneringa vart det sendt inn rapport og me var heldige å vinne 1.premie for rapporten vår. Kr 4000 til 2011 kullet.

Gutar 2011, arrangørar Kongleriket 2020.



Sparebanken Sogn og Fjordane er hovedsponsor for Konglerike turneringane.

6. Økonomi

Fotballgruppa si økonomiske målsetnad er å driva med mest mogleg aktivitet for barn og ungdom, ut frå dei økonomiske føresetnadane vi har.

I 2020 har fotballgruppa ein omsetnad på kr 1.027.813,- (mot kr 1 686.183,- i 2019).
Årets resultat viser eit overskot på kr 188.854,- (mot eit overskot på kr 207.683,- i 2019).



Hovedgrunnen til så stort overskot er ca 200.000 i lågare baneleige. Store delar av sesongen vart spolert av covid 19. Hovedsponsorane har likevel vore med oss slik at me endar året med overskot.

Det vert investert i drakter og utstyr gjennom heile sesongen. Heilt nye sett har vorte kjøpt inn i 2020. Dette har med å gjera at det har kome inn nye sponsorar som skal ha rett trykk på draktene.

Fotballgruppa er gjeldfri.

Årsomsetnaden er ca 600.000 lågare enn i 2019. Det skuldast at arrangementa me har hatt har vorte avlyste pga covid 19. Jotun fotball har meir enn dobbel så høg omsetnad som den nest største gruppa i Jotun.

6.1. Fordeling inntekter

Driftsinntekter enda på kr 1.027.813,- (1.686.183,-)
Jotun fotball har søkt og fått kompensasjon for tapte inntekter i 2020.

Kiosksalg:

Her held foreldre og ungar open bassengkiosk.

Inntektene er ei viktig kjelde til å betale baneleige til kamp og trening.

Fotballgruppa kutta for mange år sidan eigenandel ved kamp. Inntekta frå kiosken er med å dekke dette i dag.

Dugnader:

Sal av billetter i bassenget har vore dugnaden i år. I tillegg arrangerte med KM kvallik og hadde mange folk på dugnad der.

Sponsorinntekter :

Ein vesentleg del av inntektene til fotballen. Fordeling av hovedsponsorinntekter.

Futsal arrangement:

Grunna covid 19 vart det ikkje halde futsalturneringar i 2020



6.2. Fordeling kostnader

Andre driftskostnader var på kr 660.416,- (1.268.526,-)

Turneringar:

Jotun har kvart år delteke på Norwaycup og Fåbergturneringa. Begge desse vart avlyste i år. Kostander til turnering er difor ikkje bokført i år.

Baneleige er ein stor kostnad. Vanlegvis ligg den på ca 230.000 årleg, men i år vart den redusert. Grunnen til det er mindre aktivitet grunna covid 19.

Samanstilling av rekneskapen for 2020:

	Denne periode		Hittil	
	Reg i år	Reg i fjor	Reg i år	Reg i fjor
Salgsinntekter	86 455	28 974	562 242	1 024 957
Andre inntekter	264 855	319 708	465 571	661 226
Sum driftsinntekter	351 310	348 682	1 027 813	1 686 183
Varekostnader	10 156	500	178 624	209 778
Bruttofortjeneste	341 154	348 182	849 188	1 476 405
Dekningsgrad	97,11	99,86	82,62	87,56
Lønn og andre personalkostnader	0	0	8 940	6 000
Avskrivning varige driftsm.	13 875	13 883	166 500	116 100
Kostnader lokale	66 096	46 200	76 327	141 404
Leie maskiner, inventar	0	0	0	60 000
Verktøy, inventar	7 729	4 754	129 032	80 479
Reparasjon, vedlikehold	0	0	418	375
Fremmede tjenester	33 150	98 933	37 550	114 167
Kontorkostnader	34 650	3 640	67 687	41 581
Kostnader transport	0	36 552	72 642	115 749
Reise, diett	9 520	10 126	20 312	457 037
Kontingenter og gaver	23 079	4 000	91 744	125 940
Andre kostnader	45	20	-10 736	9 695
Sum driftskostnader	188 144	218 107	660 416	1 268 526
Driftsresultat	153 010	130 075	188 772	207 879
Finansinntekter	82	47	82	124
Finanskostnader	0	18	0	330
Netto finansposter	82	29	82	-206
Resultat før skatt	153 092	130 103	188 854	207 673

7. Utdanning (2010 – 2020)

7.1. Status 2010-2020

- 81 trenarar er ferdige med UEFA C (Trenar 1)
- 22 på rekruttdommarkurs i 2020
- 17 på Futsaldommarkurs i 2019
- 1 trenar fullført UEFA-B i 2015/2016
- 1 trenar deltok på SFFK draumetrenaren
- 2 på leiar 4 i forbundet (25 utdanna kvart år, høgast leiarutdanninga i NFF)
- 2 utdanna trenarretteleiarar
- 0 på leiar 2
- 2 på leiar 1
- 0 på leiar 3

Me ser at det er ei utfordring å halda på trenarane når eigne ungar går ut av ungdomsfotballen, noko som vert ei viktig oppgåve å jobba med i åra som kjem.

Alle årsklassane både for jenter og gutar har utdanna grasrot hovudtrenar

I februar 2020 hadde vi besøk frå trenarretteleiar Torbjørn Gran frå Stil fotball. Han orienterte om rolla si i klubb og korleis han jobba med trenarretteleing.



Grasrottenarkurs i klubbhuset mars 2020:
21 ivrige deltakarar.



I anledning miniputtturneringa 2019 hadde IL Jotun utdanna mange nye dommarar. Dessverre har mange av desse dommarane valt å ikkje halde fram med dømning. Det tykkjer fotballgruppa er veldig trist. Årsakene kan vera fleire. Dei to siste sesongane har covid 19 gjort til at det har vorte ferre kampar å dømme og kan vera noko som gjer til at dommarane gir seg. Per Kopperdal har vore dommarkoordinator fram til 2020 og gjort ein fantastisk jobb for å sy saman kabalen med at alle kampar skal ha dommarar. Per gav melding om at han ville ha ein pause frå fotballen, så pr i dag har vi ikkje dommarkoordinator i Jotun fotball, men håpar å få dette på plass snarast.

8. Kvalitetsklubb

IL Jotun vart i 2015 sertifisert som kvalitetsklubb. Me vart resertifisert i 2017, det vil sei at vi er evaluert av NFF Sogn og Fjordane. Sertifiseringa er stadfesting på at ein har oppfylt krava til NFF innanfor områda aktivitet, organisasjon, kompetanse og samfunn-verdiarbeid.

I 2019 har me hatt møte med kretsen der eigenmeldinga vart gjennomgått og i 2020 har i starta med ny resertifisering for å få på plass dei nye kriteria som fotballforbundet har teke inn under Kvalitetsklubb. Dette skal vera på plass innan 01.05 2021



9. Representasjon

9.1. Møter/verv i NFF Sogn og Fjordane

- Styret stilte med på kvalitetsklubbsamlingar digitalt med kretsen. I alt 5 samlingar.
- Henrik Rønningen er leiar i seriekomiteen i fotballkrisen.
- Henrik Rønningen er kvalitetsklubbrettleiar i Sogn og Fjordane.
- Frank Roger Eldegard sit i valkomiteen i fotballkrisen.
- Mads Breivik deltok på kick off / Fairplay i forbindelse med Kongleriket 2020.
- Merim Brkic deltok på kvalitetsklubbsamling i Bergen

10. Oppgaver i fokus

10.1. Utvikling

Ytterlegare utdanningsfokus og vidareutvikling av sportsleg utval vil være eit kontinuerleg arbeid kvart einaste år. Utdanne leiarar og tillitsvalde vil og bli eit satsingsområde i åra som kjem. Det er meldt til kretsen om ynskje med alle 4 delkurs i eigen klubb.

Trenarveileidar er å plass, og utdanninga vart starta i 2020.

IL Jotun vart i 2020 godkjent etter sertifiseringsreglane som reint idrettslag.

Fairplay vil bli fokusert veldig mykje på i komande periode. Me opplever mykje positivt men dessverre også ein del negativt. Laga vil koma til å merke at Fairplay vert noko av dei viktigaste oppgåvene me jobbar med framover.

Halde fram arbeidet med «Rein Klubb» i tråd med retningslinene til hovedlaget.

10.2. Årshjul

Arbeidet med å få på plass eit godt og fungerande årshjul er i gong, og vil få ytterlegare prioritet.

10.3. Aktivitet/tilbod

Me ynskjer å utvida treningstilbodet og delta i fleire turneringar. Det skal være kjekt å vere med i gruppa, både for born og foreldre, aktive og støtteapparatet. Trivselstiltak vil bli ein prioritet.

Sommaren 2020 arrangerte Jotun fotball fotballskule i samarbeid med Ørjan Skilbrei frå Lærdal. To veker fylt opp med 30 ungar og flinke instruktørar. Dette ynskjer me å halde fram med, og kjem til å prøva til att i 2021.

Sesongavlutning ungdomsfotball:

Styret vedtok at ein ville prøve å få i stand avslutningsfestar for ungdomsfotballen saman med trenarar og oppmenn-/kvinner. Som regel har laga avslutning kvar for seg, noko som er sosialt for laget. Men me ynskjer at heile klubben skal framstå som ein stor fotballfamilie. Me tinga difor Samhold-/ Bakeriet og planla avslutning med finare klede, musikk og mat. Men som så mange ganger før dette året sette covid 19 ein stoppar for dette også. Men me fekk gjennomført kåringar (som og er nytt av året) i følgade klassar:

Årets ivrigaste

Årets lagspelar

Årets mål

Årets humørspredar.

Følgande spelarar vart utdelt prisar:

Jenter 15/17:



Marte Vigdal Rudi (årets ivrigaste), Thea Hove (årets humørspreddar og årets lagspelar), Andrea Øyre (årets mål)

Jenter 13/14:




Ida F. Moen (årets lagspelar og årets ivrigaste), Kristine Låksrud (årets mål), Malin Bruhaug(årets humørspreddar)

Gutar 15/17:



Martin Yttri (årets lagspelar), Mathias Øren(årets humørspreddar), Isak Hove(årets mål),
Tobias Furebotn (årets ivrigaste)

Guta3/14:



Eskil Nes (årets lagspelar), Jonas Walaker (årets humørspreddar), Kristoffer E Bjørkum (årets mål) og Oskar Grenager (årets ivrigaste)

Styret og dommaransvarleg kåra også årets dommar.

Her vart Hermann Vigdal Øren tildelt prisen for sin positivitet og interesse for dommargjeringa. Hermann er begynt å bli ein svært god dommar. På bildet under er han saman med dommarkoordinator Per Kopperdal:



Jotun har utdanna mange jentedommarar. Dessverre er det berre ei av dei som har vore aktiv som dommar i 2020.

Ella Opheim Furuborg vart hedra for si dommargjering i 2020, og me er svært glade for at ho vil halde fram å dømme i 2021.



Saman med Ella på bildet over er Kristine Låksrud. Ho var den mestscorande spelaren i Sogn og Fjordane fotballkrets blant både gutar og jenter i 2020. Heile 18 mål fekk ho i nettet. Jotun fotball er veldig stolt over Kristine og gratulerar så mykje!

Andre utmerkingar:

Henrik Rønningen vart utnemnt som æresmedlem i idrottslaget Jotun på årsmøtet i mars. Under same årsmøtet vart Lidvin Hestetun tildelt bragdstaup for framifrå innsats på fotballbana. Ruth Laberg vart utnemnt som Vestland idrettskrets sin kandidat som årets eldsjel under idrettsgallaen.

Dei fleste i styret i Jotun har fullt opp å gjera med 100 % jobb og familie utanom Jotun fotball. I tillegg er fleire av oss djupt inni fleire verv. Me håpar difor at me får fleire med og kan løfte denne viktige oppgåva som Jotun fotball er inn i 2021.

I år vil me spesielt takke alle dei ungdomane med føresette som hadde dugnad i bassengkiosken. Grunna strenge restriksjonar, fekk ungdomane også ansvar for å halde oversikt over antall besøkande i bassenget. Ei oppgåve som på flotte soldagar var veldig vanskeleg å handtere.

Tusen takk til alle som stilte opp på dugnad og tusen takk til dei to kioskansvarlege Elin Haug og Anja Myklemyr for å setje saman ordensreglar og vaktlister for kiosken

10.4. Organisasjon

Det er eit stort behov for fleire hjelpande hender i fotballgruppa, i og utanfor styret. Dette arbeidet har høg prioritet framover.

Som ein av dei få gruppene i Jotun, har Jotun fotball fått på plass ungdomsrepresentant. Åsmund Nesse er også dommar i klubben. I tillegg til å sitje i styret har han og sete i ungdomsutvalet i klubben. Åsmund er reist autover på skule, så me har dessverre ikkje han med oss vidare i 2021.

10.5. Anlegg

Henrik Rønningen er fotballgruppa sin representant i anleggsutvalet fram til 2021. Fotballgruppa ser fram mot at rehabilitering av Jotun stadion kjem i gang. Spelflatene i Årdal er altfor få, noko som fører til mindre aktivitet enn det vi ynskjer. Ein stadion som ligg ubrukt 7-8 mnd i året har ingen nytte av. Eit så flott anlegg bør nyttast og kva er vel kjekkare enn å sjå eit yrande liv med barn og ungdom der kvar einaste dag. Dei gode mellomdistanseløpareane og sprintarane i friidrettsgruppa fortener også at det går fortgang i rehabilitering av nytt løpedekke. Stadige omkampar er ingen tente med.





11. Avslutning

Takk!

Takk til alle foreldra som stiller opp på dugnad for fotballgruppa! Dette er ein innsats me er heilt avhengige av. Treinarar, lagleiarar, oppmenn, kampvertar, kioskvaktar, sjåførar, kakebakarar og andre nyttar tusenvis av dugnadstimar for at klubben skal kunne tilby ein brei aktivitet til born og unge.

Takk til 2011-kullet, med oppkvinner og -menn Mads Breivik, Marie Helene Hollevik Brandsdal, Stine Sørli, Inger Kristine Sperle, Morten Andersen og trenarane Stig Laberg Øvstetun, Christer Høyheim og Amund Øvstetun for ein flott organisert korona-Kongleriket turnering. Takk til Ingeborg Hjelle som hjelte oss med organisering av lynlotteri.

Takk til seniorgruppa i IL Jotun for god hjelp under Kongleriket- turneringa. I tillegg stiller desse spreke pensjonistane på alt fotballgruppa spør dei om.

Ei kjempestor takk til Veronica Hellebø, for det arbeidet ho har lagt ned etter at koronaen slo til for fullt. Ho har fulgt opp smittevernreglar, utarbeida instruksar og i det heile gjort ein kjempejobb for at me i heile take kunne starte å spele fotball att.

Takk til dommarane våre. Og avtroppande dommarkoordinator Per Kopperdal. Takk også til ÅFK som stilte opp med mange spelarar for dømning under Kongleriket.

Ei stor takk også i år til Nils Eirik Moen som vedlikeheld bana på Moa slik at Jotun aldersbestemt fotball kan trene der kvar sommar. Det er til stor hjelp i organiseringa rundt barnefotballen.

Samarbeidet med Årdal FK har vore svært godt i 2020. Jotun fotball har hatt fleire møte med Ole Gunnar og Morten gjennom året.

Og sist men ikkje minst. Tusen takk til hovedsponsorane Årdal Kraftlag, Sparebanken Sogn og Fjordane og Årdalsnett for at dei har støtta oss i denne vanskelege tida. Takk til Årdal Boligbyggelag for støtte. Takk til Årdal Kjemiske fagforening for støtte til aldersbestemt fotball kvart einaste år.

Tusen takk også til alle småsponsorar som alltid er positive når me kjem og ber om gåver til basarar og loddsal.

Ei spesiell takk til Anders Grøndal på Bunnpris om alltid er imøtekomande og positiv når fotballen ber om noko.



Til slutt:

I 2020 har styret hatt fleire vanskelege sakar til handsaming. Me registrerer ein utvikling der, etter vår meining, ein usunn prestasjonskultur har breidd seg i samfunnet og inn i idretten og fotballen. I dei aller fleste høve er det me vaksne som konstruerer urealistiske krav og legg krava på ungane og dei som på frivillig basis organiserer aktiviteten deira etter beste evne.


Me ynskjer engasjement, gode, konstruktive diskusjonar og eit godt tilbod til alle som ynskjer å spele fotball. Det får me til i dag, men kan bli betre på alle frontar. Til det treng me gode rollemodellar i mange roller og utval i gruppa. Me oppfordrar alle til å ta kontakt med styret om det er noko du kunne tenke deg å bidra med!


Me ynskjer alle ein god fotballsesong i 2021!

-Styret-



Henrik Rønningen (leiar)


Rune Bolstad (lagskontakt born)


Ivar Otto Øren (Fair Play ansv.)


Mariann Hatlenes (styremedlem)


Ruth Laberg (nestleiar)


Åsmund Nesse (ungdomskontakt)


Mørete Øren(lagskontakt ungdom)